

Fiktiv foreining
v/ Fiktivia Fiksjon
Hammerfestgata 1
0010 Mandal
tlf. 12 34 56 78
post@fiktivforeining.no

Mandal, 15. august 2012

Rik Institusjon
Fondgata 4
5000 Namsos

Søknad om stønad til fiktivt kunstprosjekt i Mandal

Fiktiv foreining søker om stønad til utstillingsprosjektet «Fiktiv fiksjon for folk flest». Prosjektet skal i løpet av ein måned gje mandalittar uventa og fiktive kunstopplevingar i det offentlege rom. Fiktiv foreining søker Rik Institusjon om 40.000 kroner i stønad til prosjektet.

Med prosjektet «Fiktiv fiksjon for folk flest» ynskjer vi å nå ut til nye målgrupper og gje dei positive møte med fiksjon. Dette skal mellom anna skje gjennom fleire performancar i det offentlege rom, der ein vanlegvis ikkje møter fiksjonen. Parallelt med performancane vil det verte arrangert workshopar med kjende fiktive personar, som Harry Potter, Albert Åberg og Pippi Langstrømpe. Ein del av workshopane vil vere opne for alle interesserte, medan resten vil vere ein del av tilbodet til Den kulturelle skolesekken. Målet om at fleire i Mandal skal få oppleve det fiktive livet, er i tråd med målsetjinga til Rik Institusjon om å gje positive kulturopplevingar til innbyggjarane i byar på Sørlandet.

Om Fiktiv foreining

Fiktiv foreining er ein frivillig organisasjon for personar som er interessert i fiksjonsarbeid. Vi har per i dag 112 medlemmer, og vi arrangerer årleg kurs for å auke kompetansen og kunnskapen om fiksjon, og held opne tilstellingar for at fleire skal kunne oppleve gleda ved fiksjonskunst.

Om «Fiktiv fiksjon for folk flest»

Prosjektet er svært viktig for å synleggjere fiksjonskunsten. Sjølv om dette er ein sjanger som har vorte stadig meir etablert i kunstverda, er dette noko svært mange er ukjende med. Sidan fiksjonen speglar samfunnet i Mandal, med dei utfordringane ein har, vil fiksjonskunsten ha ein direkte relevans for innbyggjarane. For å greie å nå fram til folk, vil vi ta i bruk utradisjonelle arenaer for fiksjonskunsten, slik at fiksjonen oppsøker folk der dei er.

Prosjektet vil både bestå av utstillingar av fiksjonskunst som vil hengje i ein måned, og ei veke med daglege performancar og workshopar med dei profesjonelle og anerkjende fiksjonskunstnarane Harry Potter, Albert Åberg og Pippi Langstrømpe.

Arrangementa vil gå føre seg inne i butikkar, på offentlege toalett, i blindvegar og trappeoppgangar. I tillegg vil folk etter å ha vorte eksponert for fiksjonen få tilbod om å delta på workshopar med kjende fiktive kunstnarar. Desse vil gå føre seg på ei gammal ferje, og resultatata vil verte stilt ut i den vesle fontena på Stortorget.

Då foreininga har avgrensa midlar, og vi ynskjer at alle skal få tilgang, utan å måtte betale billett, er vi avhengige av ekstern stønad til å kunne gjennomføre prosjektet. Vi søker difor om pengar til utgifter til honorar og reiseutgifter til dei kjende fiktive personane, og leige av lokale og utstyr til gjennomføring av workshopar, og produksjon av ein publikasjon som dokumenterer prosjektet. Vi søker Rik Institusjon om 40 000 kroner til prosjektet.

Planlegging og økonomi

Fiktiv foreining står ansvarleg for planlegging, økonomi og gjennomføring av prosjektet. Det er utnemnt ei eiga prosjektgruppe med fiksjonsfagleg og økonomisk kompetanse, der Fiktivia Fiksjon er valt som leiar.

Oppstart og framdrift

Prosjektet er i planlegging og utvikling i perioden frå august–oktober 2012. Fullstendig program med fiktive kunstnarar, skal vere ferdig i løpet av november 2012. Dei fiktive personane vert inviterte til eit førebuingmøte i Mandal i desember 2012. Sjølve det fiktive kunstprosjektet vil verte gjennomført i perioden 10. januar–10.februar 2013. Performancane og workshopane skal gå føre seg 10.–16. januar 2013. Etter at prosjektet er gjennomført vil det verte laga ein publikasjon som dokumenterer prosjektet og resultatane.

Oppsummering

Prosjektet vil gje folk i Mandal ei unik oppleving, som vonleg kan føre til at fleire tek del i det viktige fiksjonsarbeid seinare i livet. Det er i fleire undersøkingar dokumentert at kulturopplevingar som dette bidreg til auka engasjement i lokalmiljøet, og heile prosjektet vil difor vere eit positivt bidrag til byen Mandal.

Ta kontakt med underteikna dersom de har spørsmål til søknaden. Vi håper på rask og positiv tilbakemelding.

Med vennleg helsing,

Fiktivia Fiksjon

Fiktivia Fiksjon
prosjektleiar, Fiktiv foreining

Vedlegg

Budsjett og finansieringsplan
CV-ar til fiksjonskunstnarar som deltek

«Fiktiv fiksjon for folk flest»

BUDSJETT OG FINANSIERINGSPLAN

BUDSJETT

Reise/opphald fiktive personar 3 x 10.000	30 000
Honorar fiktive personar 3 x 20.000	60 000
Leige av lokale	5 000
Leige av utstyr	3 000
Annonsering/marknadsføring	5 000
Administrasjonskostnader	5 000
Utgifter til publikasjon	12 000
Andre utgifter	5 000
SUM	125 000

FINANSIERINGSPLAN

Tilskot frå Mandal kommune	55 000
Tilskot frå Rik Institusjon	40 000
Inntekt frå Den kulturelle skolesekken	20 000
Fiktiv Forening, egne midlar	10 000
SUM	120 000